

**SNF arbeidsnotat nr. 39/06**

**KONSESJONAR OG KONSESJONSVERDI  
I NORSK OPPDRETTSNÆRING**

av

Trond Bjørndal  
Harald Aaker

SNF prosjekt nr. 5257: Marknadsforskning  
Prosjektet er finansiert av Norges forskningsråd

**SAMFUNNS- OG NÆRINGSLIVSFORSKNING AS**

BERGEN, NOVEMBER 2006  
ISSN 0803-4028

© Dette eksemplar er fremstilt etter avtale  
med KOPINOR, Stenergate 1, 0050 Oslo.  
Ytterligere eksemplarfremstilling uten avtale  
og i strid med åndsverkloven er straffbart  
og kan medføre erstatningsansvar.

## **Abstract**

På same måte som ei rekkje andre næringar som er tufta på utvinning av naturressursar, er fiskeoppdrett i Noreg underlagt konsesjonsregulering. Verdien på ein konsesjon for oppdrett av laks er høg. I dette notatet startar ein med definisjon av kva ein konsesjon er og analyserer kvifor konsesjonar har verdi. Gjeldande rekneskapsprinsipp på området vert gjennomgått. Til slutt kjem det forslag om endring av nojeldande konsesjonsordning.

## INNLEIING

I dei seinare åra har ein stadig oftare kunna lese om *konsesjonar og konsesjonsverdiar* i samband med oppkjøp, fusjonar og børsintroduksjonar i oppdrettsnæringa. Framleis dreiar det seg mest om laks når det gjeld konsesjonsverdiar, sjølv om det i dei seinare åra og har vorte tala om slike verdiar i samband med nye artar, i fremste rekkje torsk. Med unntak av den siste runden (2002-2003) med nytildeling av laksekonsesjonar, har Staten ved Fiskeridepartementet tildelt laksekonsesjonane gratis. I dette notatet søkjer me å kaste lys over økonomiske tilhøve rundt konsesjonar i denne næringa.

## KVA ER EIN KONSESJON?

I høve til konsesjonslovgjevinga må ein ha *konsesjon* for å drive oppdrett av laks og aure. Konsesjonen er såleis eit *eksklusivt løyve eller ein lisens* til næringsverksemd. Når det gjeld lakseproduksjon, har ein to hovudtypar konsesjonar; setjefisk og matfisk. Den fyrste konsesjonsforma gjeld oppdrett av smolt, og vert gjeve i form av ei øvre grense for mengd smolt produsert og selt. Den andre hovudtypen gjev løyve til oppdrett av matfisk. Konsesjon vert gjeve i form av ei øvre grense for tillate målepliktig vassvolum (12 000 m<sup>3</sup> var vanleg, no er dette konvertert til ein maksimalt biomasse; for inneverande år kan ikkje biomassen på noko tidspunkt overstige 780 tonn per konsesjonseining) på ein nærare bestemt lokalitet. I prinsippet er det inga tidsavgrensing for oppdrettskonsesjonar<sup>1</sup>. Dei eksisterande matfiskkonsesjonane for laks, med unntak av 50-60 i den siste tildelinga, er delte ut gratis av styresmaktene (totalt fins det om lag nær 900 aktive konsesjonar).

Setjefiskkonsesjonar vert normalt gjeve dersom det både er behov for meir smolt samt at søkjaren stettar dei fastsette miljøkrava med omsyn til utslepp m.m. Denne konsesjonsforma kan såleis seiast å ha vore nokså ”liberal” sidan endringar i regelverket midt på 80-talet.

Når det gjeld matfiskkonsesjonar, er kriteria for tildeling langt frå liberale. Sidan konsesjonar i praksis vart innført i 1977, har ein hatt nokre få, større rundar med nytildelingar. Ved nest siste landsomfattande *nytildeling* i 1985, låg det føre heile 2000 søknader til 150 nye konsesjonar. Med unntak av 30 nytildelingar i Nord-Troms og Finnmark i 1988/89, har det i ettertid i praksis vore konsesjonsstogg fram til 2002. Dette var og fyrste gong styresmaktene tok seg betalt for konsesjonane – i dei fleste høve 5 millionar kronar pr. eining.

---

<sup>1</sup> Det skal nemnast at det er driveplikt på konsesjonar. Ein konsesjon vert inndregen av styresmaktene dersom han ligg brakk i tre pr.

Samla er det ein 880-900 ordinære matfiskkonsesjonar, der 330 har kome etter at konsesjonsregulering vart innført. Resten, vel 500, vart registrert med oppgjeve volum før konsesjonsplikta vart innført. Generelle utvidingar (frå 3000 til 5000, frå 5000 til 8000 og frå 8000 til 12 000 m<sup>3</sup>) av dei eksisterande konsesjonane og retildeling av passive konsesjonar har skjedd år om anna. Etter at praksis gradvis hadde vorte oppmjuka frå 1986/87, vart paragraf 6 om eigarskap i Oppdrettslova endra i ”kriseåret” 1991. Etter denne endringa er det tillate å vere majoritetseigar i fleire anlegg. I tida etter har ein opplevd ei omfattande fusjons- og oppkjøpsbylgje. Det var ein stadig auke i konsesjonsverdiane det fyrste tiåret etter kriseåret 1991. Etter toppåret 2000-2001 gjekk det sterkt nedover i takt med dei fallande lakseprisane og dårlig inntening i næringa. Dei seinaste par åra har næringa opplevd formidabel betring i prisar og inntening, og konsesjonsverdiane har stege mykje i andrehandsmarknaden.

### **KVIFOR HAR EIN KONSESJONAR?**

Konsesjonar er ikkje noko særskilt fenomen for oppdrett, men er vanlege i ressursbaserte næringar som fiske, skogbruk, krafproduksjon, olje og gass.<sup>2</sup> Innføring av konsesjonar er ofte grunngeve med behov for kapasitetsregulerande eller -reducerande tiltak. Men kvifor har ein konsesjonar i oppdrett? Sjølv om ein i Noreg har ein lang kyst med mange gode lokalitetar, treng ein reguleringar mellom anna for å redusere potensielle konflikhtar med andre brukarar, til dømes fiskarar, og når det gjeld bruk av strandsona til friluftsføremål. Dernest er miljøaspektet i vid forstand ein klar motivasjon for regulering. For det tredje har ein frå styresmaktene si side lagt vekt på at næringa skal vere lønsam og subsidiefri. Ein har såleis prøvd å regulere produksjonsveksten gjennom konsesjonslovgjeving. Kor vellukka dette har vore, er eit anna spørsmål.

I dei seinare åra (1996-) har avtalar mellom Noreg og EU om marknadstilgang vore knyta opp mot mellom anna ei minsteprisordning og indikative tak på eksport frå Noreg til EU. Dette for å ”verne” utsette produsentar innan EU. For å møte denne nye utfordringa frå EU, har ein frå norsk side vald å regulere produksjonsveksten i matfiskleddet endå meir. Frå mars 1996 til desember 2004 var det fastsett eit øvre tak når det gjaldt utføra mengd turrfør per disponibel eining konsesjonsvolum. Taket vart heva kvart år. Alle oppdrettarane utnytta førkvotane maksimalt utan omtanke for det samla tilbodet. I etterhand synest det som om taket vart heva for mykje kvart år i og med at den raske produksjonsauken førte til at prisane og lønnsmda

---

<sup>2</sup> Sjø T. Bjørndal, *The Economics of Salmon Aquaculture*, Blackwell 1990 og T. Bjørndal, *Fiskeoppdrettsøkonomi*. Cappelen 1997.

fall for mykja i tida etter 2000 og nokre år framover. Dette syner kor vanskeleg det er å finne effektive reguleringsåtgjerder som verker over tid.

Samla sett er det såleis fleire årsaker til at oppdrettsnæringa er regulert. Det er også klart at ei eller anna form for regulering av næringa synest å vere naudsynt utfrå miljøomsyn og brukarkonfliktar. Erfaringane syner derimot at ”næringsregulering” har vore lite vellukka.

### **KVA ER KONSESJONSVERDI?**

Kva konsesjonen er verd, kjem opp som tema ved oppkjøp og fusjonar. I norsk rekneskapslovgjeving finn ein definisjonar og vedtak som gjeld ”goodwill”. Goodwill kan seiast å omfatte alle typar immaterielle eigneluter. Konsesjonsverdi har trekk i samsvar med omgrepet ”goodwill”, men fell i prinsippet ikkje inn under sistnemnde. Goodwill gjeld *uidentifiserbare* immaterielle eigneluter (til dømes omdøme i marknaden, gode langsiktige salsavtalar, spesiell kompetanse, teknologisk forsprang) som i rekneskapan vert fastsett *residualt* etter verdifastsetjing av alle eignelutar som kan identifiserast. Konsesjonar er derimot heilt klart *identifiserbare*. Skiljet mellom ”identifiserbar” og ”uidentifiserbar” er likevel uklart og flytande i lover og forskrifter. Den debatten let me liggje her.

Når det ikkje er goodwill til stades, kan konsesjonsverdi seiast å utgjere *differansen* mellom kjøpesummen og ”verkeleg” verdi av anlegg, fisk og andre aktiva. I dei tilfelle det er goodwill involvert, er denne differansen samansett av summen av goodwill og konsesjonsverdi. Normalt sett er det ikkje goodwill i ordinære matfiskanlegg. Dersom goodwill eksisterer, er han normalt liten i høve til konsesjonsverdien. No ligg det føre retskraftig dom vedrørende skille mellom konsesjonsverdi og goodwill (sjå nedanfor). I den vidare framstillinga ser me såleis bort frå denne ved å setje han lik null.

Lat oss ta utgangspunkt i at ein kjøpar betalar 30 millionar kroner for ei 12 000 m<sup>3</sup> oppdrettsbedrift, som har fylgjande *bokførte* eigneluter ved salstidspunktet (tal i 1000 kroner):

Kontantar og bankinnskot	1000
Kortsiktige fordringar	2500
Fôrlager	500
Levande fisk	<u>8000</u>
<b>Sum omlaupsmidlar</b>	<b>12000</b>
Langsiktige fordringar	1000
Driftsmidlar (merder, båt, etc.)	<u>5000</u>
<b>Sum anleggsmidlar</b>	<b>6000</b>
<b>SUM EIGNELUTER</b>	<b>18000</b>

Er konsesjonsverdien i dette tilfellet  $30 - 18 = 12$  millionar kroner? Han er det dersom eignelutene sine "verkelege" verdier svarar til dei bokførde verdiane. Lat oss sjå nærare på dei ulike eignelutene i balansen over. Når det gjeld alle andre postar enn pengepostar, kan den "verkelege" (eller økonomiske) verdien vere ein annan enn den bokførde. Dersom rekneskapen er ført i samsvar med "god rekneskapsskikk", bør ein normalt sett kunne vente at dei "verkelege" verdiane ikkje er lågare enn dei bokførde. Dette skuldast mellom anna det sentrale varsemdsprinsippet ("lågaste av kost og verkeleg verdi") i rekneskapslovgjevinga. Likevel kan ein oppleve det motsette. Rekneskapsestimat inneber ein god del skjøn. To personar vil til dømes kunne vurdere dei same kundefordringane ulikt. "Korrekte" estimat vert ikkje noko mindre problemfylt når ein kjem til levande fisk.

Lat oss tenkje oss at kjøpar og seljar nyttar ein uavhengig instans som går gjennom bedrifta sine eigneluter og reknar ut deira verkelege verdier korrekt. Lat oss vidare gå ut frå at dei bokførde verdiane korresponderte godt til dei verkelege verdiane for alle postar, unnateke den levande fisken. Lat oss dessutan seie at han fann den verkelege verdien til å vere 12 millionar kroner, dvs. 4 millionar kroner høgare enn bokført verdi. Den verkelege verdien av bedrifta sine (materielle) eigneluter er altså 22 millionar kroner, og konsesjonen har såleis ein teoretisk rett verdi lik 8 millionar kroner.

No er det i praksis ikkje alltid like lett å finne dei teoretisk rette verdiane. Gode estimat og "verkelege" verdier krev både god kjennskap til finansiell teori og gode/pålitelege estimat for framtidig pris, kostnads- og produktivitetsutvikling; med andre ord god fagleg ballast og god bransjeinnsyn.

## **KVIFOR HAR KONSESJONAR VERDI?**

Dømet ovanfor galdt ein matfiskkonsesjon. Dette fordi talet på matfiskkonsesjonar er gjeve slik at konsesjonar er eit knapt gode. Sidan det ikkje er same reguleringar når det gjeld setjefiskanlegg, er desse konsesjonane ikkje femna om med same interessa, og fylgjeleg har dei ikkje så stor verdi. Sjølv om omsetnad av konsesjonar tok til (i noko omfang) frå slutten av 80-talet, såg me at interessa for å få konsesjon i nest siste landsomfattande konsesjonsrunden i 1985 var svært stor. Det var den og i 2002-2003 då ein måtte betala 5 millionar kronar pr. eining. Totalt ble 80 nye konsesjonar lyst ut dei to åra (40 kvart år). Matfiskkonsesjonar har hatt stor verdi sidan dei vart innførde, ettersom dei er ein knappleiksfaktor.

Er konsesjonsverdi uttrykk for at matfiskoppdrett av laks er samanbunde med reinprofitt? Det kan vere tilfelle. Lat oss fyrst sjå på nokre andre forklaringsfaktorar. Dersom det er monalege stordriftsføremonar i ei næring, kan ein oppleve ”meirprisar” i høve til både bokførde verdier og også aksjeprisar i samband med oppkjøp. Sjølv om ein ikkje skal sjå bort frå stordriftsføremonar i matfiskoppdrett av laks, er det på ingen måte grunn til å tru at dei kan vere så store at dei forklarar ein monaleg del av konsesjonsprisen. Når det gjeld stordriftspotensialet innan innkjøp (storkunderabattar på førkjøp) og sal, kan desse takast ut på annan måte enn berre gjennom oppkjøp, til dømes gjennom samarbeid.

Kva andre faktorar er med på å forklare betalingsviljen/prisen? I mange tilfelle kan *synergivinstar*, til dømes mellom setjefiskproduksjon, matfiskoppdrett og slakting/foredling, forklare ein del av konsesjonsprisen.<sup>3</sup> Likevel kan slike vinstar neppe vere viktigaste forklaringsfaktoren når ein ser alle konsesjonsprisane samla.

Prising av oppdrettsbedrifter er tufta på forventingar om framtida. Prisnivået på konsesjonar i dag inneber at det ligg *forventingar* om framtidig lønsemd i matfiskleddet som er høgare enn normalavkastinga. Strukturen i næringa medfører nærast automatisk at reinprofitten som er i næringa kjem på matfiskleddet sine hender, av di dette er einaste delen av næringa der etablering er regulert fullt ut.<sup>4</sup>

---

<sup>3</sup> Om synergi, sjå O. Kvaløy og R. Tveterås, Den integrerte oppdrettsnæringa. *Økonomisk Forum* 60 (2006), sider 25-32.

<sup>4</sup> Konsesjonsverdi varierer med kvalitet på lokalitet og nærleik til infrastruktur. Det er grunn til å tru at ein del konsesjonar i Finnmark har null verdi på grunn av desse faktorane.

Forventingar om framtidig inntening vert påverka av innteninga i dag, som er høg og har auka monaleg sidan botnen i 2003. Oppdrett er ei næring i vekst, også globalt. Det er såleis ikkje til å undrast over at konsesjonar har verdi.

Diskusjonen ovanfor gjeld laks og aure. Har konsesjonar for matfiskoppdrett av nye artar, til dømes torsk, nokon verdi? Mange prospekt som vert laga i samband med emisjonar og børsintroduksjonar snakkar og til dels gjev storleiken på konsesjonsverdiar for torskeoppdrett. For det fyrste er det endå ikkje noko tak på talet på konsesjonar (det kan sjølvsagt endra seg), og styresmaktene deler desse ut gratis (dette kan og endra seg, men har i røynda inga innverknad). Det som er avgjerande er om torskeoppdrett vert lønsamt, og eventuelt kor stor denne lønsemda vert. Det synest såleis å vera noko tidleg å operere med slike verdiar no. Å vise til at styresmaktene tek 5 millionar kronar for tilsvarande matfiskkonsesjonar for laks og aure har liten eller ingen relevans i så måte. Under blåskjelboomen rundt år 2000 var det og nokre som hevda at slike konsesjonar hadde stor økonomisk verdi. Gjer dei det same i dag når det meste av lufta er gått ut or blåskjelballogen? Det avgjerande er om ved oppal av ein art ein kan *vente* å oppnå ei langsiktig meirforteneste ut over normal avkasting til kapital og arbeid.

### **REKNESKAPS- OG SKATTETILHØVE**

Normalt sett kan skilnadar mellom kjøpspris og bokførde verdiar aktiverast i rekneskapen og avskrivast. Dette er tilfelle når meirprisen skuldast "goodwill", til dømes i form av overtaking av eit merkjenamn, marknadsposisjon eller liknande. Avskrivningstilgangen vert grunngjeve med at ein trur at den betalte "godviljen" har ei avgrensa økonomisk levetid. Til slutten av 90-talet var det også mogleg å handsame *kjøpte konsesjonsverdiar* på same måten. Etter Skattedirektoratet sine to "direktiv" (rundskriv av 07.07.99 og 15.07.98), er det ikkje lenger tillate med skattemessige avskrivningar tufta på sjølv konsesjonsverdien. Som fylgje av dette har det oppstått sterke skattemessige insentiv til å søkje å "flytte" så mykje som mogleg av den totale kjøpesummen over på dei andre eignelutene.

Ei anna sak er at dei børsnoterte selskapa skal fylgje IFRS (internasjonale regnskapsstandarder) når det gjeld verdsetjing av oppdrettsfisk. Fisken skal verdsetjast til "verkelig verdi" (fair value) og ikkje "full tilverknadskost". Reglane, som i røynda er utarbeidd for levende dyr i landsbruk, er nokså kompliserte å nytte på oppdrettsfisk. For stor fisk er det ikkje noko problem då ein har relevante marknadsprisar å halde seg til. Problemet



er fisk av mindre storleikar, til dømes fisk på 1-2 kg, der det ikkje er nokon reell marknad. Oppdrettselskapa hav valt å nytte tilverknadskost for små fisk og ”dagsprisar” for slakteklar fisk (> 4 kg rund). Styresmaktene ved Kredittilsynet har for tida ein dialog med selskapa med omsyn til denne praksisen. Fleire prinsipp og tolkingar gjer større rom for skjøn når fisken skal verdsetjast. Det vert såleis vanskelegare å skilje ut sjølve vederlaget for konsesjonen.

Grunngjevinga for at sjølve konsesjonsverdien ikkje skal kunne avskrivast, er at han i prinsippet er evigvarande. Denne verdien vil likevel vere påverka av marknadsutviklinga. Auke i prisen på laks, og forventning om at han skal halde seg høg, vil gje høgare konsesjonsverdi. Nytildeling av konsesjonar som vil medføre ein auke i produksjonen, vil derimot medvirke til å redusere konsesjonsverdien. Rekneskapslovgjevinga gjev generelt ikkje høve til oppskrivning av aktiva som konsesjonar. Kan ein derimot sannsynleggjere at verdifallet er permanent, kan det vere høve til nedskrivning av konsesjonsverdien

Som nemnt ovanfor vil ein kjøpar av ein konsesjon ha incentive til å hevde at ein del av kjøpesummen er ”goodwill”, ettersom denne kan avskrivast, medan konsesjonsverdi ikkje kan avskrivast. Det ligg no føre ein rettskraftig dom på dette området.

I 1998 kjøpte Firda Sjøfarmer AS to oppdrettskonsesjonar frå Stolt Sea Farm AS. Av kjøpesummen kunne omlag 16,2 mill.kr. ikkje tilskrivast fysiske aktiva. I likninga fordelte Firda Sjøfarmer denne summen med ca 12,2 mill. kr. på ”goodwill” og 4 mill. kr på konsesjonsverdiar. Dette vart ikkje godkjent av likningsstyresmaktene. Saka gjekk sidan gjennom rettssystemet, med endeleg dom i Høgsterett den 4.11.2005.<sup>5</sup> Høgsterett held oppe vedtak i Sogn og Fjordane fylkeskattenemnd, som sette ”goodwill” til null og verdien på kvar konsesjon til 8,1 mill. kr.

Denne domen er ei stor prinsipiell avgjerd. Som argumentert for ovanfor, er det liten grunn til å rekne med ”goodwill” innan oppdrett. Dette har og Høgsterett kome fram til.

## **NYE TILDELINGSKRITERIUM OG ØKONOMISK EFFEKTIVITET**

Som nemnt var 2002 den siste landsomfattende konsesjonsrunde, 17 år etter førre. Generelt vil me peike på at det er uheldig for ei næring at nytildeling av konsesjonar skjer med så lange

---

<sup>5</sup> Dom i Høgsterett HR-2005-01737-A (sak nr. 2005/403).

mellomrom ettersom veksten til ein viss grad då kan skje i rykk og napp. Det er fleire argument som talar for at nye konsesjonar burde delast ut meir kontinuerleg. Generelt er det få argument som talar mot fri etablering i denne næringa utover at ein må ta miljøomsyn ved plassering av anlegga og ta omsyn til konflikhtar med evt. andre brukarinteresser, og at særskilde tiltak til tider kan vere naudsynte grunna Lakseavtalen eller liknande avtalar. Alternativt til dette vil vere at nytildeling skjer med regulære intervall, t.d. kvart år.

Ved tildelingsrunden i 1985 var det ikkje tillate å vere majoritetseigar i meir enn eit anlegg. Etter at praksis gradvis hadde vorte mjuka opp frå 1986/87, vart oppdrettslova endra på dette punktet i 1991. Høve til å vere majoritetseigar i meir enn eit anlegg har i ettertid ført med seg ein omfattande fusjons- og oppkjøpsbylgje med stadig stigande konsesjonsverdiar. I den siste runda blei det for fyrste gong satt ein pris – 5 millionar pr. eining i dei fleste høve. Prisen var langt under dei gjeldande marknadsprisar i andrehandsmarknaden. 10-20 millionar var meir vanleg. Det har vore selt konsesjonar for over 30 millionar.

Frå vårt synspunkt vil me leggje til grunn at dei nye konsesjonane bør auksjonerast bort, evt. seljast gjennom ei tilbudsrunde. Dette vil vere rettferdig, ettersom dei mest effektive kan betale mest og dermed får tilgang til større konsesjonsvolum. Det vil vere opp til aktørane sjølve å avgjere om tilleggsvolum skal nyttast til å utvide eksisterande anlegg eller å etablere heilt nye. Når det gjeld geografisk lokalisering, bør det skje utifrå kor høvelege lokalitetane er for oppdrettsproduksjon og ut i frå miljøomsyn. Bortsett frå det bør det vere minst mogleg inngrep frå styresmaktene si side. Oppdrettarane sitt høve til flytting av eksisterande anlegg over kommune- og fylkesgrenser bør ut i frå effektivitetsomsyn betrast. Ved sal/auksjon, har alle interessentar lik rett til å kunne etablere seg i næringa. Ved å tildele det nye volumet til eksisterande aktørar står ein i fare for å etablere eit ”laug” innan næringa. Alle bør ha lik rett til å by på dei nye konsesjonane.

Den relativt låge prisen innebar at etterspurnaden i 2002 og 2003 var langt høgre enn tilbodet med unnatak av Finnmark, der dei 10 konsesjonane ikkje ble selt. Det var såleis mykje overlata til politikken. Det er såleis grunn til å tru at evna og viljen til å påverke utfallet for sin eigen søknad spelte monaleg inn for utfallet. Nettverket til søkjaren og kontaktar inn i fiskeriforvaltinga og fylkestinget (2002 runden) var framleis viktig. Forvaltninga opererte med fleire kriteri ved sidan av den vedtekne prisen. Lokalisering, driftsgrunnlag, nyetableringar m.m. Ein hadde såleis framleis ei ”skjønleikstevling”. Når det gjaldt

driftsgrunnlag vart små (færre enn 5 konsesjonar) og nystarta anlegg prioritert i 2002. I denne runden avgjorde fylkestinget kommunane konsesjonane skulle gå til. Samstundes blei det stilt krav om 10 års binding (der konsesjonen ikkje kunne flyttast/selges ut or kommunen). Stolt Seafarm ASA klaga til kravet til maksimal storleik og alderen til føretaket inn til ESA. I 2003 runden blei difor desse to bestemmingane fjerna. Det var heller ikkje noko att når det gjaldt val av kommune - det var no opp til søkjaren. Fylkeskommunen var no satt heilt på sidelina med omsyn til lokalisering .

I 2002 prioritere ein nokre veldrivne fåkonsesjonsanlegg (1-2 konsesjonar) inst i fjordar, der det ikkje hadde vore naboanlegg som kunne kjøpast.

Dei fleste konsesjonane i denne runden gjekk til mindre, nyetablerte føretak med lokale grundarar i prioriterte distrikt, med større oppdrettskonsern på eigarsida. I røynda er desse kontrollert av dei store selskapa. Anten direkte gjennom aksjonæravtalar (kven stilte i røynda opp med millionane), eller indirekte, t. d. i samband med emisjonar der dei lokale grundarane vert utvassa då dei ikkje har økonomiske midlar å gå inn med. I 2003 runden fekk sjølv store konsern som Marine Harvest ASA tildelt nye konsesjonar. Framleis gjeld 10 års regelen, men no er det ut føretaket som vel lokalisering.

Det hadde vore mykje meir økonomisk effektivt å auksjonere bort dei aller fleste konsesjonane. Styresmaktene kunne vurdere å behalde ein mindre del konsesjonar (t.d. 20 %) for å motverke (eventuell) marknadsvikt<sup>6</sup>, der ein nyttar ein kombinasjon av betaling og andre omsyn i tildelinga. Når det gjeld auksjonar, opplyser fiskeristyresmaktene at med heimel i den nye oppdrettslova frå 01.01.2006 vil ein ta dette prinsippet i bruk framover. Av dei totalt nye 80 konsesjonane i 2002 og 2003, ble vart 10 konsesjonane i Finnmark ikkje selt. Dei skal etter planen auksjoneraast vekk før 31.12.2006. Det vert spanande å fylgje med.

## AVSLUTNAD

Sidan oppdrett vart ei viktige næring i Noreg på 1980 og 1990 talet, har det skjedd store endringar i ramevilkår. Sjølv om næringa framleis er konsesjonsregulert, og det truleg vil vere situasjonen også i framtida, har grunngevingane for denne reguleringa endra seg. Vel så

---

<sup>6</sup> Sjå T. Bjørndal og K. Salvanes, *Perspektiv på fiskeoppdrett*. Samlaget 1995.

viktig er endringar i korleis reguleringa vert praktisert. Medan ein opprinneleg hadde fri tildeling av konsesjonar, har ein no innført eit system med betaling. Som drøfta ovanfor, medfører dette systemet ei rekkje problem når pris er sett lågare enn verdien på ein konsesjon. Auksjonering av konsesjonar er det systemet som vil gje størst økonomisk effektivitet. Når det gjeld verdivurdering av konsesjonar, har Høgsterett sin dom også hatt viktige konsekvensar i og med at han slår fast at det som regel ikkje er ”goodwill” innan oppdrett. Ein kan seie det slik at viktige rekneskap- og økonomiske prinsipp har vunne gjennomslag i retten.